

Utval: Kultur- og ressursutvalet
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3, etg., Fylkeshuset
Dato: 16.09.2014
Tidspunkt: 12:45 – 15.10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Natalie Antonia Golis	Medlem	FL A/R
Anita Garlid Johannessen	Nestleiar	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Peder Sjo Slettebø	Medlem	H
Tom Sverre Tomren	Medlem	FL SP/MDG
Anne Beth Njærheim	Leiar	V
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Kristian Helland	Medlem	KRF
Inger Johanne Seim	Medlem	FL A/R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Neshe Lie	Medlem	H
Siri Klokkerstuen	Medlem	FL A/R
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	FL A/R

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Mona Strømme	Nils Marton Aadland	H
Merete Skadal	Neshe Lie	H
Øyvind Hardeland	Siri Klokkerstuen	FL A/R
Astrid F. Selsvold	Marianne Bjordal	FL A/R
Torill Selsvold Nyborg	Kom kl.14.30	Kristian Helland

Merknader
Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør for Kultur og idrett
Ronny Skaar	Seksjonsleiar, stedfortredar– kultur og idrettsavdelinga
Per Morten Ekerhovd	Fylkesantikvar/sekjonsleiar – kultur og idrettsavdelinga
Tone Haugland	Saksbehandlar – kultur og idrettsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Marit Rødseth	Plansjef – regionalavdelinga
Gudrun Mathisen	Klima- og naturressurssjef - regionalavdelinga
Kjetil Sigvaldsen	Saksbehandlar regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur og idrettsavdelinga

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 107/14	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 108/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 109/14	Ymse		
PS 110/14	Referatsaker (meldingar)		
RS 64/14	Handlingsplan forvalningsrevisjon	2014/10537	
RS 65/14	Interpellasjon frå Miljøpartiet De Grønne om ureining av Eidesvågen i Bømlo kommune	2014/20362	
PS 111/14	Tilrettelegging av ny Sotrabru for framtidig bybane	2014/10587	
PS 112/14	Revidering av kunstplan for Bybanen	2014/16048	
PS 113/14	Fråsegn til områdeplan for Skaganeset i Sund kommune	2014/19373	
PS 114/14	Fråsegn til kommuneplanens arealdel, Fjell kommune	2014/15306	
PS 115/14	Den nasjonale frivillighetsprisen 2014	2014/19557	
PS 116/14	Innspel til ny stortingsmelding om friluftsliv frå Hordaland	2014/19767	
PS 117/14	Matstrategi "Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017	2014/17729	
PS 118/14	Tildeling av prosjektmidlar under Kulturelt utviklingsprogram 2014	2014/15561	
PS 119/14	Kunst- og kulturformidling i skulen - etablering av faggrupper	2014/10430	
PS 120/14	Søknad om koncessjon for overføring av 2 bekker på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune	2014/18455	
PS 121/14	Kunstnarstipen 2014	2014/225	X

PS 107/14 Godkjenning av innkalling og saksliste**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014****Vedtak**

Astrid F Selsvold ønskete at varamedlemar også fekk invitasjon til å vere med i dropbox for møta i Kultur- og ressursutvalet for å sikra at dei fekk tilgang til sakspapira på ein rask og god måte, når dei møter med jamne mellomrom.

Innkalling og sakliste vart elles godkjend slik den låg føre.

PS 108/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014****Vedtak**

Møteboka frå forrige møte vart godkjent slik den låg føre.

PS 109/14 Ymse

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Delt ut i møte:

- Falda med informasjon om Plankonferanse 28. og 29. oktober 2014.
- Spørjeskjema til alle lag og organisasjoner som får driftsstøtte.

Orienteringer fra administrasjonen:

Fylkesdirektør for kultur og idrett orienterte om følgjande:

- Spørjeundersøking som vert sendt til alle lag og organisasjoner som får driftsstøtte. Dette som oppfølging av budsjettvedtak i 2014. Spørjeskjema vart delt ut i møte.
- Fylkeskonferansen 2014 går ut og vert flyttet til februar 2015.
- Ønskje fra administrasjonen om at møte i utvalet 11. og 12. november vart flyttet til 18. november.

Vedtak

Utvalet gjekk samråystes inn for å flytta møte i Kultur- og ressursutvalet fra 11. og 12. november vart flyttet til 18. november 2014.

PS 110/14 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Vedtak

Kultur og ressursutvalet tok meldingane til orientering.

RS 64/14 Handlingsplan forvaltningsrevisjon

RS 65/14 Interpellasjon fra Miljøpartiet De Grønne om ureining av Eidesvågen i Bømlo kommune

PS 111/14 Tilrettelegging av ny Sotrabru for framtidig bybane

Forslag til innstilling

1. Kultur- og ressursutvalet støtter Statens vegvesen si tilråding om at ny Sotrabrua ikkje vert dimensjonert for bybane, men at denne må gå på eigen bru når den blir bygd til Straume i framtida.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Atle Kvåle sette på vegne av A, SP, SV, V fram forslag til ny innstilling

Kultur- og ressursutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 7 røyster.
Atle Kvåle sitt forslag til innstilling fekk 7 røyster (A, SP, SV, V) og fall.

Innstilling

1. Kultur- og ressursutvalet støtter Statens vegvesen si tilråding om at ny Sotrabrua ikkje vert dimensjonert for bybane, men at denne må gå på eigen bru når den blir bygd til Straume i framtida.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Kristian Helland (KRF) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.»

Røysting

Helland sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (A, Krf, MDG og V) mot 6 røyster (H, Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.

PS 112/14 Revidering av kunstplan for Bybanen

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til prinsippa i den reviderte kunstplanen for Bybanen slik den ligg føre i vedlegget til denne saka.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt forslag til nytt pkt.2:

«Kultur- og ressursutvalget tilrår at det avsettes inntil 2 promille av investeringsrammen til kunstnerisk utsmykking langs bybanen.»

Røysting

Bakke sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (Frp, H, Krf og V) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 5 røyster 8 A og MSG) og fall.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til prinsippa i den reviderte kunstplanen for Bybanen slik den ligg føre i vedlegget til denne saka.
2. Kultur- og ressursutvalet tilrår at det vert sett av inntil 2 promille av investeringsramma til kunstnarisk utsmykking langs bybanen.

PS 113/14 Fråsegn til områdeplan for Skaganeset i Sund kommune

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tilrår vegframføring alternativ 1 – utbetring av eksisterande veg. Planområdet for dette alternativet bør òg inkludere arealet på vestsida av Vågen og vidareføre omsynssone C for Kvalvågen i kommuneplanen sin arealdel
2. Kvalvågen er eit svært viktig kulturmiljø av nasjonal verdi. Vegframføring alternativ 2 kjem i konflikt med kulturmiljøet. Hordaland fylkeskommune fremjar derfor motsegn til alternativ 2. Motsegna blir trekt dersom alternativ 2 blir teke ut.
3. Marinarkeologisk registrering etter §§9 og 14 i kulturminnelova må gjennomførast i områdeplanen sitt sjøareal, og tilhøvet til eventuelle nye automatisk freda kulturminne må avklarast. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglande marinarkeologiske registreringar.
4. Nye bygg og andre tiltak må ikkje kome opp over synsranda til det naturlege terrenget sett frå Kvalvågen. Hordaland fylkeskommune ber om ei tilleggsutgreiing som dokumenterer dette.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anita G. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak:

« Pkt. 4 går ut.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 til 3 vart samrøystes vedteke.

Johannessen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (Frp, H og V) mot fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.4 som fekk 6 røyster (A, Krf og MDG) og fall.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tilrår vegframføring alternativ 1 – utbetring av eksisterande veg. Planområdet for dette alternativet bør òg inkludere arealet på vestsida av Vågen og videreføre omsynssone C for Kvalvågen i kommuneplanen sin arealdel
2. Kvalvågen er eit svært viktig kulturmiljø av nasjonal verdi. Vegframføring alternativ 2 kjem i konflikt med kulturmiljøet. Hordaland fylkeskommune fremjar derfor motsegn til alternativ 2. Motsegna blir trekt dersom alternativ 2 blir teke ut.
3. Marinarkeologisk registrering etter §§9 og 14 i kulturminnelova må gjennomførast i områdeplanen sitt sjøareal, og tilhøvet til eventuelle nye automatisk freda kulturminne må avklarast. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglende marinarkeologiske registreringar.

PS 114/14 Fråsegn til kommuneplanens arealdel, Fjell kommune

Forslag til vedtak

1. Forslaget til kommuneplanens arealdel for Fjell kommune 2014-2026 er grundig gjennomarbeid, og er langt på veg i samsvarar med regionale interesser. Grundige utgreiingar og tydelege kriterium for ny arealbruk er grep som har ført til ein ryddig planprosess.

Plantemaa landskap, estetikk, friluftsliv, folkehelse, barn- og unges interesser og klimatilpassing samsvarar er godt ivaretake i planen.

2. Bustadstruktur: Den spreidde ubyggingsstrukturen blir i stor grad vidareført ved at det er lagt til rette for fleire bustadområde langt frå skule, arbeidsplassar og butikkar, og utan at det er vurdert ein senterstruktur på lokalsenternivå. Dette er ikkje i tråd med prinsippet om samordna areal og transportplanlegging eller fylkeskommunens arealpolitiske retningslinjer om senterstruktur.
 - a. Kultur- og ressursutvalet rår i frå byggjeområde som ikkje er i samsvar med samordna areal- og transportplanlegging, og som konsekvensutgreiinga rår i frå. Det gjeld både nye bustadområde og nye område for LNF spreitt bustad:
 - a. 162 Bjørøy (bustad)
 - b. 401 Kolltveit (bustad)
 - c. 122 Kolltveit (bustad)
 - d. 374 Ebbesvik (bustad)
 - e. 297 Eide (bustad)
 - f. 199 Kårtveit (bustad)
 - g. 218 Morlandstø (bustad)
 - h. 321 Spjeld (bustad)
 - i. 159 Trengereid (bustad)
 - j. 376 a Ekerhovd nord (LNF spreitt busetnad i område Lie/Ekerhvoda)
 - k. 212 Ulveset (LNF spreitt busetnad i område Midtre Fjell)
 - l. 166 Geitanger (LNF spreitt busetnad på Geitanger)
 - m. 214 Fjæreide (LNF spreitt busetnad i område Fjæreide og Morland)

n. 411 Kallestad (LNF spreitt busetnad i område Søre Fjell)

Det er knytt motsegn til punkt d-n

- b. Kommuneplanen må vurdere ein senterstruktur på lokal- og nærsenternivå
Det er knytt motsegn til dette punktet
 - c. Talet på einingar i LNF spreitt bustad i heile kommunen bør reduserast for å reservere potensielt byggeareal til kommande rulleringar. Det må ikkje leggjast til rette for nye arealføremål i områda Lie og Ekerhovda og Nordre Fjell. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. LNF spreitt bustad: Arealføremålet LNF-spreitt bustad er ikkje eit eigna føremål i ein vekstcommune som Fjell. Føremålet fører til dårlegare trafikktryggleik, mindre heilsakapleg utvikling av utbyggingsområde, ein meir spreitt bustadstruktur og gjev utfordringar knytt til regionale interesser som landskap og friluftsliv.
- a. Kultur- og ressursutvalet er einig kommunens vurderingar om at det er behov for ei omgjering frå LNF til bustad, og at det bør bli prioritert ved neste rulling.
4. Kulturminne er godt kartlagt og vurdert i konsekvensutgreiinga, og ingen nye arealføremål er i direkte konflikt med kjende kulturminne av regional eller nasjonal verdi.
- a. Omsynssone for gjennomføring H810-74 er i strid med automatisk freda kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi på Vindeneskvarven.
Det er knytt motsegn til gjennomføringssona H810-74. Motsegna blir trekt dersom gjennomføringssone H810-74 blir teke ut, og følgjande punkt blir teke inn i retningslinjer til omsynssone H530-68: «*Det skal ikke gjevast løyve til tiltak som er eigna til å forringe dei kulturhistoriske verdiane i arealet. Tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. §§3 og 8 i kulturminnelova.* - b. Arealføremålet LNF med høve til spreidd busetnad må ha følgjande formulering i føresegne: «*Søknad om tiltak i ubebygd areal skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. §§ 3, 8 og 9 i kulturminnelova.*»
Det er knytt motsegn til dette punktet.
 - c. Det bør utarbeidast ei omsynssone for vern av kulturmiljø rundt Fjell festning i tråd med føreliggjande verneplan
 - d. Store delar av Fjell kommune utgjer prioritert marinarkeologisk område.
 - e. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta etterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel inntil §9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggearealet, og tilhøva til automatisk freda kulturminne er avklart.
5. Samferdsel:
- a. Det er positivt med rekkefølgjekrav som sikrar gang- og sykkelveg frå bustadområde til skule eller kollektivhaldeplass
 - b. Område for LNF med høve til spreitt busetnad gjer det vanskeleg å sille krav og planlegge for naudsynt infrastruktur.
- 6 Akvakultur: Lokalitet Kelvesteinen: Arealgrensene i planen må justerast slik at heile anlegget med fortøyinger og ankerfeste ligg innanfor akvakulturområde eller i fleirbruksområde.
- 7 Strandsone: Fjell kommune har i hovudsak gjort eit godt arbeid med å leggje til rette for småbåthamner og tilkomst til friluftsområde til sjøs, framfor å etablere naustområde.
- a. Enkelte naustområde fortettar strandsona i område med arealpress, ligg i område eigna for friluftsliv eller er heilt nye naustområde. Kultur- og ressursutvalet rår i frå følgjande nye arealføremål:
 - a. 96 Ekerhovd (naust) – pressområde
 - b. 124 Algrøy (naust) – landskap

- c. 240 Arefjord (naust) – pressområde og friluftsliv
- d. 172 b Kolltveit (naust) – friluftsliv
- e. 452 Kolltveit (naust) – friluftsliv
- f. 335 Bjørøy (fritids- og turistføremål) – landskap og strandsone
- g. 349 Brattholmen Snekkevik (naust) – pressområde på strandsona
- h. 442 Knappskog (naust) – friluftsliv
- i. 426 Kolltveit (naust) – landskap og friluftsliv
- j. 149a Misje (naust) – friluftsliv
- k. 171 Solsvik (naust) – ubygde strandsone
- l. 432 Algrøya (fritids- og turistføremål) – landskap og friluftsliv

Det er knyttet motsegn til områda g–l.

- b. Føresegne bør vise kva naustområde som skal ha reguleringsplan, eventuelt kor mange naust det kan leggjast til rette for i kvart naustområde.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anita G. Johannessen(Frp) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Saken blir utsatt for synfaring og dialog med kommunen.»

Røysting

Johannessen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka blir utsatt for synfaring og dialog med kommunen.

PS 115/14 Den nasjonale frivillighetsprisen 2014

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet utpeikar ein komite på 3 medlemmer som får fullmakt til å innstilla ein kandidat til frivillighetsprisen. Innstillinga vert å mælda til administrasjonen innan 22. september 2014.

Følgjande frå Kultur- og ressursutvalet vert oppnemt til å sitja i komite for frivillighetsprisen 2014:

- 1.....
- 2.....
- 3.....

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anita G. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Følgjande frå Kultur- og ressursutvalet vert oppnemt til å sitja i komite for frivillighetsprisen 2014 og 2015:

- 1. Anne-Beth Njærheim
- 2. Kristian Helland
- 3. Natalie Golis»

Røysting

Johannessen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande frå Kultur- og ressursutvalet vert oppnevnd til å sitja i komite for frivillighetsprisen 2014 og 2015:

1. Anne-Beth Njærheim
2. Kristian Helland
3. Natalie Golis»

Innstillinga for 2014 vert å melda til administrasjonen innan 22. september.

PS 116/14 Innspel til ny stortingsmelding om friluftsliv frå Hordaland

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet gir følgjande innspel til ein ny stortingsmelding om friluftsliv:

- | | |
|-----|--|
| 1. | Den nye stortingsmeldinga om friluftsliv bør utarbeidast i tett samhandling mellom fleire departement slik at ulike perspektiv ved friluftsliv, m.a. arealplanlegging, kultur og idrett, funksjonelle gang og sykkelvegar, helse og omsorg, reiseliv og næring, miljø og naturmangfold, og opplæring for barnehagar og skule, vert ivaretake og konkretisert i ein forpliktande handlingsplan. Meldingsarbeidet bør m.a. samordnas med Meld.St.26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen (der friluftsliv har eit eige kapittel) og den nye folkehelsemeldinga som er under utarbeiding. |
| 2. | Mål og tiltak i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv og Nasjonal handlingsplan for sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2013 – 2023) bør setjast inn i ein heilskapleg politikk som synleggjer statens vegval og verkemiddelbruk for friluftslivsfeltet dei komande 10-15 åra. Prosjekt som eit tidsavgrensa og nyskapande reiskap må vurderast i høve til utfordringar knytt til vidareføring, forankring og føreseielege driftsrammer. |
| 3. | Nasjonal handlingsplan for sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2013 – 2023) har fokus på å sikre nye friluftslivsområde i nærmiljøet. Dette gir ein kraftig auka kostnad ved kjøp. Krava til auka tilgjengeleight og universell utforming i tillegg til klimautfordringar med villare vær, gjer at kostnadane ved fundering og vedlikehald av friluftsområder med t.d. turløyper og kaiar vert betydeleg dyrare. Meldinga bør drøfte korleis statlege bidrag til sikring kan verte følgd opp med midlar til å opparbeide og drifta områda. |
| 4. | Allemannsretten og friluftslova er grunnleggjande føresetnader for friluftslivet. Oppleving av stillheit og fridom i sameksistens med naturen er viktig for bruk og forståing for å ta vare på den. Motorferdsel i utmark og på sjøen bør regulerast for å sikre friluftskvalitet for alle. Meldinga bør seie noko om kor mykje urørt natur vi skal ha og korleis ein skal sikre eit naturmangfold. Naturområder som treng vern bør identifiserast. Miljøskader ved maritim forsøpling er ei omfattande og kostbar utfordring som meldinga må omtale. |
| 5. | Klimautfordringar og berekraftig livsstil tilseier sterkare fokus på tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv i nærmiljøet. Det er viktig at friluftsområder vert knytt til bustadområder med gang og sykkelvegar og offentleg transport. |
| 6. | Frivilligkeit og lokal kompetanse innan friluftslivet er eit viktig grunnlag for å kunne skape eit godt friluftsliv i samspel med det offentlege og private aktørar. Det er viktig at dei frivillige organisasjonane har gode levekår med stabile økonomiske rammer for å kunne inkludere enno fleire frivillige i sitt arbeid. Graden av deltaking i frivillige organisasjonar er prega av sosial ulikskap. Befolkningsgrupper med låg inntekt, trygda og etniske minoritetar deltek minst. Frivillige organisasjonar kan vere ein god arena for integrering. |
| 7. | Hordaland fylkeskommune er positive til at det vert sett fokus på korleis staten kan bidra til at dei som er lite fysisk aktive kan bli meir aktive gjennom friluftsliv. M.a. er det fleire nye landsmenn som må få tilrettelagt informasjon og opplæring slik at dei kan ta del i friluftslivet. |
| 8. | Det er positivt at friluftslivet sin plass i barnehagar og skular vert drøfta i den nye meldinga. Det trengs nye verkemidlar og auka innsats for at alle barn og unge skal få opplæring i og tilbod om friluftslivsaktivitetar. |
| 9. | Ungdom bør få større høve til involvering ved planlegging av friluftsanlegg. Slik kan ein utarbeide eit variert og attraktivt aktivitetstilbod for ungdom. |
| 10. | Auka fokus på utnytting av sjø og vatn til friluftslivsformål er viktig, m.a. ved å legge tilhøva betre til rette for bading, fisking og padlarar både i kajakk og kano. Aktivitetar på vatn er svært |

positivt for barn og ungdom der dei blir vant til å vere på og i sjøen, og kan auka symjedugleik for å motverke ulukker.
11. Sykkel har i liten grad vore knytt til friluftsliv. Bruken av sykkel, både som transport til og fra friluftslivsområder, i friluftslivsområder og som ein friluftslivaktivitet er aukande og bør omtala i den nye stortingsmeldinga om friluftsliv både når det gjeld aktivitet og infrastruktur.
12. Det er behov for auka kunnskap om kva områder som er viktige for friluftsliv. Arbeid med kartlegging og verdisetting av friluftsområder er avgjerande for god planlegging og bør ha forankring i meldinga. Regionalt samarbeid om friluftsliv er viktig for å ivareta heilskapen i felles friluftsverdiar. Ved FoU og anna informasjonsinnehenting vert kunnskapsgrunnlaget knytt til bruken av friluftslivsområder og bruksformer styrka.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

« Nytt pkt. 13.

Hordaland fylkeskommune vil tilrå at det vert auka fokus på samarbeid mellom alle organisasjoner/aktører som som har som felles mål å auka interesse for friluftsliv.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kultur- og ressursutvalet gir følgjande innspel til ein ny stortingsmelding om friluftsliv:

- Den nye stortingsmeldinga om friluftsliv bør utarbeidast i tett samhandling mellom fleire departement slik at ulike perspektiv ved friluftsliv, m.a. arealplanlegging, kultur og idrett, funksjonelle gang og sykkelvegar, helse og omsorg, reiseliv og næring, miljø og naturmangfold, og opplæring for barnehagar og skule, vert ivaretakne og konkretisert i ein forpliktande handlingsplan. Meldingsarbeidet bør m.a. samordnas med Meld.St.26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen (der friluftsliv har eit eige kapittel) og den nye folkehelsemeldinga som er under utarbeiding.
- Mål og tiltak i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv og Nasjonal handlingsplan for sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2013 – 2023) bør setjast inn i ein heilskapleg politikk som synleggjer statens vegval og verkemiddelbruk for friluftslivsfeltet dei komande 10-15 åra. Prosjekt som eit tidsavgrensa og nyskapande reiskap må vurderast i høve til utfordringar knytt til vidareføring, forankring og føreseielege driftsrammer.
- Nasjonal handlingsplan for sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2013 – 2023) har fokus på å sikre nye friluftslivsområde i nærmiljøet. Dette gir ein kraftig auka kostnad ved kjøp. Krava til auka tilgjengeleight og universell utforming i tillegg til klimautfordringar med villare vær, gjer at kostnadane ved fundering og vedlikehald av friluftsområder med t.d. turløyper og kaiar vert betydeleg dyrare. Meldinga bør drøfte korleis statlege bidrag til sikring kan verte følgd opp med midlar til å opparbeide og drife områda.
- Allemannsretten og friluftslova er grunnleggjande føresetnader for friluftslivet. Oppleving av stillheit og fridom i sameksistens med naturen er viktig for bruk og forståing for å ta vare på den. Motorferdsel i utmark og på sjøen bør regulerast for å sikre friluftskvalitet for alle. Meldinga bør seie noko om kor mykje urørt natur vi skal ha og korleis ein skal sikre eit naturmangfold. Naturområder som treng vern bør identifiserast. Miljøskader ved maritim forsøpling er ei omfattande og kostbar utfordring som meldinga må omtale.
- Klimautfordringar og berekraftig livsstil tilseier sterkare fokus på tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv i nærmiljøet. Det er viktig at friluftsområder vert knytt til bustadområder med gang og sykkelvegar og offentleg transport.
- Frivilligkeit og lokal kompetanse innan friluftslivet er eit viktig grunnlag for å kunne skape eit godt friluftsliv i samspele med det offentlege og private aktørar. Det er viktig at dei frivillige organisasjonane har gode levekår med stabile økonomiske rammer for å kunne inkludere enno fleire frivillige i sitt arbeid. Graden av deltaking i frivillige organisasjonar er prega av sosial ulikskap. Befolkningsgrupper med låg inntekt, trygda og etniske minoritetar deltek minst.

Frivillige organisasjonar kan vere ein god arena for integrering.
7. Hordaland fylkeskommune er positive til at det vert sett fokus på korleis staten kan bidra til at dei som er lite fysisk aktive kan bli meir aktive gjennom friluftsliv. M.a. er det fleire nye landsmenn som må få tilrettelagt informasjon og opplæring slik at dei kan ta del i friluftslivet.
8. Det er positivt at friluftslivet sin plass i barnehagar og skular vert drøfta i den nye meldinga. Det trengs nye verkemidlar og auka innsats for at alle barn og unge skal få opplæring i og tilbod om friluftslivsaktivitetar.
9. Ungdom bør få større høve til involvering ved planlegging av friluftsanlegg. Slik kan ein utarbeide eit variert og attraktivt aktivitetstilbod for ungdom.
10. Auka fokus på utnytting av sjø og vatn til friluftslivsformål er viktig, m.a. ved å legge tilhøva betre til rette for bading, fisking og padlarar både i kajakk og kano. Aktivitetar på vatn er svært positivt for barn og ungdom der dei blir vant til å vere på og i sjøen, og kan auka symjedugleik for å motverke ulukker.
11. Sykkel har i liten grad vore knytt til friluftsliv. Bruken av sykkel, både som transport til og fra friluftslivsområder, i friluftslivsområder og som ein friluftslivsaktivitet er aukande og bør omtalast i den nye stortingsmeldinga om friluftsliv både når <u>det gjeld aktivitet og infrastruktur</u> .
12. Det er behov for auka kunnskap om kva områder som er viktige for friluftsliv. Arbeid med kartlegging og verdisetting av friluftsområder er avgjerande for god planlegging og bør ha forankring i meldinga. Regionalt samarbeid om friluftsliv er viktig for å ivareta heilskapen i felles friluftsverdiar. Ved FoU og anna informasjonsinnehenting vert kunnskapsgrunnlaget knytt til bruken av friluftslivsområder og bruksformer styrka.
13. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at det vert auka fokus på samarbeid mellom alle organisasjoner/aktører som har som felles mål å auka interesse for friluftsliv

PS 117/14 Matstrategi "Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune slutter seg til Matstrategien – Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017
2. Hordaland fylkeskommune vil samarbeide med dei regionale partnarane på matfeltet om oppfølging av strategien ved å etablere ein god modell for organisering av arbeidet knytt til mat i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonalisering av Matstrategien ved mellom anna å bidra til organisering og drifting av Matfestivalen i Bergen og ved å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i «Unesco creative cities network of gastronomy».

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anita G. Johannessen(Frp) sette fram slikt endringsforslag:

«Setning 1 står.
Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonalisering av Matstrategien. Hordaland fylkeskommune ynskjer å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i Unesco creative cities network of gastronomy.».

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til nytt pkt.3:

«Kultur – og ressursutvalet ber om at analysane og strategiane som kom fram i rapporten Yes we can blir vurdert i samband med at planen skal leggjast fram fylkesutvalet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Johannessen sitt endringsforslag vart vedteke med 7 røyster (Frp, H og V).

Tomren sitt forslag til nytt pkt. 3 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf, MDG og V).

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune slutter seg til Matstrategien – Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017
2. Hordaland fylkeskommune vil samarbeide med dei regionale partnarane på matfeltet om oppfølging av strategien ved å etablere ein god modell for organisering av arbeidet knytt til mat i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonalisering av Matstrategien ved mellom anna å bidra til organisering og drifting av Matfestivalen i Bergen og ved å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i «Unesco creative cities network of gastronomy».
3. Kultur – og ressursutvalet ber om at analysane og strategiane som kom fram i rapporten *Yes we can* blir vurdert i samband med at planen skal leggjast fram fylkesutvalet

PS 118/14 Tildeling av prosjektmidlar under Kulturelt utviklingsprogram 2014

Samandrag

Fylkestinget vedtok 8. desember 2009 igangsetting av Kulturelt utviklingsprogram (KUP) i samsvar med vedtak 10. juni 2009, og slutta seg til organisering og søknadsprosess som framstilt i saka. Vedtekne programområde for 2014 er følgjande: A: Kunsten i samfunnet, A: Kunsten i samfunnet, B: Samarbeid, C: Nyskapande formidling, D: Kompetanse.

Ved søknadsfrist i vår kom det inn 35 søknader som er handsama i denne saka. Det er til saman totalt søkt om 24 692 528 kroner. For 2014 har Kulturelt utviklingsprogram ei økonomisk ramme på 6 millionar kroner.

Det er tilrådd støtte til 16 av dei omsøkte prosjekta. Det er stor fagleg og kunstnarleg breidde i tildelingane som er tilrådd, og dei fleste sjangrar /felt innan kulturlivet er representert, både det frivillige og profesjonelle. Alle tilrådde prosjekt relevant i minst to av dei fire programområda.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i katalogen over søknader for 2014. Katalogen følgjer som vedlegg. Nummereringa i vedtaket viser til sidetal i katalogen.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 6 000 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram 2014 til:

Søkjar	Prosjektnamn	Periode	Søknadssum	Tildelt	Merknad
8. Baroniet Rosendal /Den Weis-Rosenkroneske stiftelse	Skattane på slottet	1 år	kr 200 000	kr 100 000	
10. Bergen internasjonale filmfestival	BIFF Expanded - Zenprosjektene	3 år	kr 750 000	kr 300 000	For 2014 og 2015
11. Bergen kommune, BKNI - Seksjon for kunst og kultur	Søknad om tilskudd til prosjekter som styrker produsentleddet innen kunstfeltene i Bergen og Hordaland	3 år	kr 700 000	kr 600 000	Det rås til at ein representant i arbeidsgruppa er frå Hordaland fylkeskommune.
14. Edvard Grieg Ungdomskor (Edvard Grieg Kor)	Pilotprosjekt Edvard Grieg Ungdomskor	3 år	kr 1 200 000	kr 500 000	For 2014 og 2015

18. Hordaland kunstsenter	Ny modell for "Kunst i offentlige rom"	3 år	kr 1 938 500	kr 1 200 000	
24. Museumssenteret i Hordaland, avd. Salhus tricotage	Industridokumentasjon	1 år	kr 53 000	kr 50 000	
26. MusicaNord	Hordaland Kunstmusikk	3 år	kr 1 000 000	kr 700 000	
29. Norges Musikkorps Forbund Hordaland	Samspill for korps i Hordaland	3 år	kr 300 000	kr 200 000	
31. Norsk publikumsutvikling	Norsk publikumsutvikling sin Årskonferanse	3 år	kr 450 000	kr 300 000	
36. Opera Omnia	Arnested for skapende ungdom	1 år	kr 100 000	kr 100 000	
40. Performance Art Bergen	Formidling av performancekunst	3 år	kr 749 900	kr 300 000	
42. Proscen - Produsentenhet for fri scenekunst	"Produsenten &..."	1 år	kr 100 000	kr 100 000	
47. Stiftinga Vestnorsk kultarakademi	Et bygningsvernssenter for Voss/Hardanger	3 år	kr 1 500 000	kr 400 000	For 2014
51. Transiteatret-Bergen	2015-2017	3 år	kr 1 200 000	kr 600 000	
54. Veteranlaget Wichmann Wäertsilä	Norsk Veteranmotor kunnskapssenter	3 år	kr 900 000	kr 400 000	
56. VISP	Kunstguide.no	3 år	kr 150 000	kr 150 000	
Til saman			kr 11 291 400	kr 6 000 000	

Følgjande søknader blir ikke innvilga:

Søkjør	Prosjektnamn	Totalbudsjett	Samla søknadssum
1. Amatørkulturrådet i Bergen	Amatørkulturråd i Hordaland	kr 400 000	kr 200 000
2. Anders Petersen	Økt publikumsoppslutning i kulturinstitusjonene i Hordaland fylke		kr 100 000
4. Arbeidsgruppen for Kunstgarasjen	Kunstgarasjen	kr 7 446 600	kr 1 800 000
6. Atheno AS/Nettverk Fanari	Nettverk Fanari	kr 1 600 000	kr 600 000
12. Bymuseet i Bergen	Rekonstruksjon av ladromsbåt frå Fusa, 1850.	kr 1 131 128	kr 631 128
16. Halsnøy Historiske Senter	Halsnøy Historiske Senter	kr 55 000 000	kr 3 000 000
22. Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Hordaland Designinkubator	kr 3 000 000	kr 1 500 000

20. Kunstnarhuset Messen	Kunstnarhuset Messen. Programutvikling med vekt på formidling	kr 2 925 000	kr 750 000
23. Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå	Historien fra 1814-2014. Fordeling av ressurser	kr 60 000	kr 60 000
27. Nordhordland Næringshage AS	Sjøpark i Den indre Farleia	kr 520 000	kr 200 000
33. Norsk publikumsutvikling	Tjenestedesign av UNG SONE	kr 240 000	kr 200 000
35. Nynorsk kultursentrums	Olav H. Hauges poesipris	kr 670 000	kr 335 000
37. Osfest AS	Driftsmidler for Osfest AS for 2014	kr 3 641 000	kr 250 000
44. S12 Galleri og Verksted	AiR i S12, Samarbeid, kompetanse og formidling	kr 2 297 000	kr 1 500 000
45. SJAU AS	Syng meg en dans	kr 1 254 480	kr 600 000
49. Studio E39	Studio E39 - Studio og visningsrom for møter, musikk, idéer og scenekunst på «Gullkysten»	kr 1 775 000	kr 375 000
53. Venelaget for Gruo	Heistårnet Juvelen i gruveområdet, Litlabø	kr 2 300 000	kr 700 000
55. Virticom AS	Virtuell historie - tidreise app Bergen i middelalder	kr 750 000	kr 400 000
57. Vossa Jazz	Ekstremjazz på tur	kr 400 000	kr 200 000

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 6 000 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram 2014 til:

Søkjær	Prosjektnamn	Periode	Søknadssum	Tildelt	Merknad
8. Baroniet Rosendal /Den Weis-Rosenkroneske stiftelse	Skattane på slottet	1 år	kr 200 000	kr 100 000	
10. Bergen internasjonale filmfestival	BIFF Expanded - Zenprosjektene	3 år	kr 750 000	kr 300 000	For 2014 og 2015
11. Bergen kommune, BKNI - Seksjon for kunst og kultur	Søknad om tilskudd til prosjekter som styrker produsentleddet innen kunstfeltene i Bergen og Hordaland	3 år	kr 700 000	kr 600 000	Det rås til at ein representant i arbeidsgruppa er frå Hordaland fylkeskommune.
14. Edvard Grieg Ungdomskor (Edvard Grieg Kor)	Pilotprosjekt Edvard Grieg Ungdomskor	3 år	kr 1 200 000	kr 500 000	For 2014 og 2015

18. Hordaland kunstsenter	Ny modell for "Kunst i offentlige rom"	3 år	kr 1 938 500	kr 1 200 000	
24. Museumssenteret i Hordaland, avd. Salhus tricotage	Industridokumentasjon	1 år	kr 53 000	kr 50 000	
26. MusicaNord	Hordaland Kunstmusikk	3 år	kr 1 000 000	kr 700 000	
29. Norges Musikkorps Forbund Hordaland	Samspill for korps i Hordaland	3 år	kr 300 000	kr 200 000	
31. Norsk publikumsutvikling	Norsk publikumsutvikling sin Årskonferanse	3 år	kr 450 000	kr 300 000	
36. Opera Omnia	Arnested for skapende ungdom	1 år	kr 100 000	kr 100 000	
40. Performance Art Bergen	Formidling av performancekunst	3 år	kr 749 900	kr 300 000	
42. Proscen - Produsentenhet for fri scenekunst	"Produsenten &..."	1 år	kr 100 000	kr 100 000	
47. Stiftinga Vestnorsk kultarakademi	Et bygningsvernsenter for Voss/Hardanger	3 år	kr 1 500 000	kr 400 000	For 2014
51. Transiteatret-Bergen	2015-2017	3 år	kr 1 200 000	kr 600 000	
54. Veteranlaget Wichmann Wäertsilä	Norsk Veteranmotor kunnskapssenter	3 år	kr 900 000	kr 400 000	
56. VISP	Kunstguide.no	3 år	kr 150 000	kr 150 000	
Til saman			kr 11 291 400	kr 6 000 000	

Følgjande søknader blir ikke innvilga:

Søkjar	Prosjektnamn	Totalbudsjett	Samla søknadssum
1. Amatørkulturrådet i Bergen	Amatørkulturråd i Hordaland	kr 400 000	kr 200 000
2. Anders Petersen	Økt publikumsoppslutning i kulturinstitusjonene i Hordaland fylke		kr 100 000
4. Arbeidsgruppen for Kunstgarasjen	Kunstgarasjen	kr 7 446 600	kr 1 800 000
6. Atheno AS/Nettverk Fanari	Nettverk Fanari	kr 1 600 000	kr 600 000
12. Bymuseet i Bergen	Rekonstruksjon av ladromsbåt frå Fusa, 1850.	kr 1 131 128	kr 631 128
16. Halsnøy Historiske Senter	Halsnøy Historiske Senter	kr 55 000 000	kr 3 000 000
22. Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Hordaland Designinkubator	kr 3 000 000	kr 1 500 000
20. Kunstnarhuset Messen	Kunstnarhuset Messen. Programutvikling med vekt på formidling	kr 2 925 000	kr 750 000

23. Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå	Historien fra 1814-2014. Fordeling av ressurser	kr 60 000	kr 60 000
27. Nordhordland Næringshage AS	Sjøpark i Den indre Farleia	kr 520 000	kr 200 000
33. Norsk publikumsutvikling	Tjenestedesign av UNG SONE	kr 240 000	kr 200 000
35. Nynorsk kultursentrum	Olav H. Hauges poesipris	kr 670 000	kr 335 000
37. Osfest AS	Driftsmidler for Osfest AS for 2014	kr 3 641 000	kr 250 000
44. S12 Galleri og Verksted	AiR i S12, Samarbeid, kompetanse og formidling	kr 2 297 000	kr 1 500 000
45. SJAU AS	Syng meg en dans	kr 1 254 480	kr 600 000
49. Studio E39	Studio E39 - Studio og visningsrom for møter, musikk, idéer og scenekunst på «Gullkysten»	kr 1 775 000	kr 375 000
53. Venelaget for Gruo	Heistårnet Juvelen i gruveområdet, Litlabø	kr 2 300 000	kr 700 000
55. Virticom AS	Virtuell historie - tidreise app Bergen i middelalder	kr 750 000	kr 400 000
57. Vossa Jazz	Ekstremjazz på tur	kr 400 000	kr 200 000

PS 119/14 Kunst- og kulturformidling i skulen - etablering av faggrupper

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til at det vert oppnemnd fagleg råd og følgjande faggrupper for arbeidet med program for kunst- og kulturformidling i skulen: faggruppe scenekunst, faggruppe visuell kunst, faggruppe film og faggruppe litteratur. Fylkesrådmannen kjem attende til om det på eit seinare tidspunkt er naudsynt med faggrupper også for musikk og kulturarv.
2. Faggruppene har følgjande mandat: gjere ei fagleg vurdering av kvart forslag som har kome innan fristen, og leggje ei innstilling fram for det faglege rådet. Det faglege rådet har følgjande mandat: definere særskilde satsingar og sjå på programmet frå eit overordna og totalt perspektiv. Hordaland fylkeskommune legg endeleg program med bakgrunn i innstilling frå fagleg råd, og med omsyn til variasjon i uttrykk, formidlingsstad, formidlingsform etc. Endeleg program vert vedtatt av Kultur- og ressursutvalet.
3. I faggruppene skal det sitje eksterne og interne fagpersonar, gruppene skal ha minimum tre og maksimum fem representantar. Det faglege rådet skal bestå av ein representant frå kvar faggruppe, ein representant frå musikk og ein frå kulturarv, og lærar- og elevrepresentantar frå grunn- og vidaregåande skule. Representantane i gruppene og fagrådet vert oppnemnd for tre år.
4. Faggruppene og det faglege rådet verkar frå og med handsaming av forslag til programmet for skuleåret 2015-2016.
5. Kostnadene vert dekt over budsjettpost 400.710.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt endringsforslag til pkt. 1:

«Stryke siste setning. Knytte til musikk og kulturarv i første setning.»

Astrid Selsvold (A) sette fram slikt forslag til nytt pkt. 6:

«Hordaland fylke vil i etterkant av programmet 2015 – 16 evaluere arbeidet. Resultatet vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet.»

Røysting

Bakke sitt endringsforslag i pkt. 1 vart vedteke med 9 røyster (Frp, H, MDG og V) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 4 røyster (A og Krf) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 til 5 vart samråystes vedteke.

Selsvold sitt forslag til nytt pkt. 6 vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til at det vert oppnemnd fagleg råd og følgjande faggrupper for arbeidet med program for kunst- og kulturformidling i skulen: faggruppe scenekunst, faggruppe visuell kunst, faggruppe film, faggruppe musikk, faggruppe kulturarv og faggruppe litteratur.
2. Faggruppene har følgjande mandat: gjere ei fagleg vurdering av kvart forslag som har kome innan fristen, og leggje ei innstilling fram for det faglege rådet.
Det faglege rådet har følgjande mandat: definere særskilde satsingar og sjå på programmet frå eit overordna og totalt perspektiv. Hordaland fylkeskommune legg endeleg program med bakgrunn i innstilling frå fagleg råd, og med omsyn til variasjon i uttrykk, formidlingsstad, formidlingsform etc. Endeleg program vert vedtatt av Kultur- og ressursutvalet.
3. I faggruppene skal det sitje eksterne og interne fagpersonar, gruppene skal ha minimum tre og maksimum fem representantar. Det faglege rådet skal bestå av ein representant frå kvar faggruppe, ein representant frå musikk og ein frå kulturarv, og lærar- og elevrepresentantar frå grunn- og vidaregåande skule. Representantane i gruppene og fagrådet vert oppnemnd for tre år.
4. Faggruppene og det faglege rådet verkar frå og med handsaming av forslag til programmet for skuleåret 2015-2016.
5. Kostnadene vert dekt over budsjettpost 400.710.
6. Hordaland fylke vil i etterkant av programmet 2015 – 16 evaluere arbeidet. Resultatet vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet.

PS 120/14 Søknad om konsesjon for overføring av 2 bekker på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridd:

1.	Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekomme.
2.	Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3.	Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene.
4.	Inngrepa i det sårbare økosystemet i høgfjellet må avgrensast til eit absolutt minimun.
5.	Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6.	Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt.
7.	Dersom det i samband med tiltaket vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Hordaland Fylkeskommune rår ifrå utbygging på Osafjellet.

Ein reduksjon i vassføring på i underkant av 4 % i Norddøla må sjåast i samanheng med alle tidligare reduksjonar av vassføringa. Nedbørsfeltet til Norddøla er frå før redusert med 44%, og vassføringa er redusert til om lag det halve. Den samla belastninga på Osavassdraget, jamfør Naturmangfaldlovas § 10, er difor svært betydeleg.»

Røysting

Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 11 røyster.

Innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridd:

1.	Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekjemme.
2.	Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3.	Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene.
4.	Inngrepa i det sårbare økosystemet i høgfjellet må avgrensast til eit absolutt minimun.
5.	Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6.	Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt.
7.	Dersom det i samband med tiltaket vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

PS 121/14 Kunstnarstipen 2014